



Thomas Knudsen
Eidsnesvegen 116
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1471 - 16/12282

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
04.05.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 215/23 Eidsnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon den 27.04.2016

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Sjølv om du med godkjent dispensasjon kan bygga etter unntaksreglane utan nabovarsling, må du nabovarsla søknad om dispensasjon, og du må teikna inn på kartet, kvar du ønsker å plassera garasjen

Nabovarsel : bruk blankett 5154, 5155, 5156, som du finn på

<http://www.dibk.no/no/BYGGEREGLER/Byggesoknader/Byggesaksblanketter/>

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 01.06.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut i frå dei opplysningane som ligg i saka.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

215-23_kart

215-37_naboliste

Kopi til:

Mottakarar:

Thomas Knudsen

Eidsnesvegen 116 5913

EIKANGERVÅG